

Masfjordnes, den 6. november 2020.

Til kommunestyret i Masfjorden

Med dette vil Fellesrådet i Masfjorden be kommunestyret om å løyve 100.000 kr til restfinansiering av nytt orgel i Frøyset kyrkje.

Bakgrunnen for dette er at det noverande orgelet ikkje kan nyttast, og det har synt seg vanskeleg å finne fagfolk og reservedelar som kan ettersjå og reparere orgelet. Fellesrådet oppnemnde difor ei orgelnemnd som fekk i oppdrag å sjå på moglege løysingar. Nemnda konkluderte med at beste løysinga ville vere å kjøpe eit nytt digitalt kyrkjeorgel som ville passe i ei kyrkje på storleik med Frøyset kyrkje.

Ein uformell foresurnad til ein leverandør av digitale kyrkjeorgel tilseier at det skal vere mogleg å få sett opp eit slikt orgel innan ei kostnadsramme på 300.000 kr. Fellesrådet har alt motteke ei gåve på 200.000 kr frå ein privat gjevar. Orgelnemnda vil i tillegg ta initiativ til eit spleiselag for orgelet. Korvidt det er mogleg å få noko ved eit eventuelt sal av det noverande orgelet, veit ein ikkje.

Det er soleis ikkje sikkert at ei ekstraløyving på 100.000 kroner vil utløyse eit behov for heile summen. Men dersom løyvinga vert gitt, vil Fellesrådet ved orgelnemnda ha økonomisk ryggdekning for å gå ut med ei innbyding til lukka anbod, og få sett i gang sjølve innkjøpsprosessen.

Fellesrådet i Masfjorden vil difor med dette be om at kommunestyret bidreg positivt til at Frøyset kyrkje kan få eit sårt tiltrengt orgel, ved å løyve inntil kr. 100.000 til dette føremålet.

På vegne av Fellesrådet i Masfjorden

*Rune Garmann* (sign.)

– leiar av Fellesrådet –